

Linnea Gustafsson: *Moderna vardagliga binamn i Sverige*. (Namn och samhälle 29.) Uppsala: Uppsala Universitet, 2016. 168 sider. ISBN 978-91-506-2554-7. ISSN 1404-1790.

Undersøkinga handlar, som tittelen fortel, om moderne tilnamn i Sverige. Boka har sju kapittel. Kwart av dei seks fyrste kapitla sluttar med ei oppsummering av kapittelinnhaldet.

I innleiingskapittelet finn me formål, forskingsspørsmål, forskingsoversikt, material og metode, etikk, terminologi og avgrensingar. Linnea Gustafsson plasserer arbeidet i sosioonomastikken, i skjeringspunktet mellom namnegranskning og språksosiologi, og hentar forklaringsmodellar frå begge disiplinær. Formålet er å studera moderne bruk av tilnamn i privatsfæren, med vekt på namnebrukarens perspektiv, og hensikta er at resultatane i etterkant ogso skal kunna tillempast på historisk material, der ein naturleg nok er avskoren frå å spørja brukarane. Generelt er formålet med undersøkinga å avdekka bakanforliggjande mekanismar i tilnamnsbruket, spesifikt er ærendet å kartleggja moderne svenske tilnamn, bruken av dei og bruksområdet. Gustafsson set opp fire forskingsspørsmål: korleis skal kategorien definerast, kva konstituerer moderne tilnamn, kva funksjonar har dei, og korleis fungerer dei når det gjeld å skapa identitet.

Gustafsson brukar både kvantitativ og kvalitativ metode, den fyrste for å kartlegga førekomstane og den andre for å diskutera bruk og funksjon. Ho har 203 informantar, 181 enquete-informantar og 22 intervjuinformantar. Informantane har fått spørsmål om tilnamn dei har bore ein eller annan gong i livet. På denne måten får ho fram eit lengdesnitt som ofte har vore fråverande i tidlegare undersøkingar, der det har vore vanleg å bruka skuleungdommar som informantar. Enquete-undersøkinga vart gjennomført med utsende spørsmål til 1000 tilfeldig utvalde vaksne personar frå heile Sverige. Svarfrekvensen var på 20 %. Av dei som svarte, var det 113 kvinner og 68 menn. Gustafsson ser dette som eit uttrykk for at namn og namngjeving er eit meir kvinneleg enn mannleg domene. (Tidlegare forskning har hevda motsett standpunkt, noko som blir referert til i kapittel 3.) Ei alternativ forklaring her kunne vore at kvinner syner større tendens enn menn til å svara på utsende spørjeundersøkingar, men den løysinga diskuterer forfattaren ikkje.

I intervjugruppa er det betre jamvekt, 12 kvinner og 10 menn. Dei har meldt seg frivillig, fordi dei hadde mange tilnamn, eller fordi dei var særlege

interesserte i emnet. Det innsamla materialet byggjer altså på sjølvrapportering, og informantane har fått definert kva tilnamn som skulle inngå i materialet. Utnemne (*öknamn*) er utdefinerte, fordi informantane berre unntaksvis har kunnskap om eigne utnemne (s. 23). Det tyder på at det er få eller ingen mobbeoffer i informantgruppa, utan at det blir problematisert, men det er grunnen til at materialet «endast består av neutrala och positivt laddade binamn» (s. 23). Gustafsson ser innsamlingsmetoden som ein konsekvens av «förändrad tidsanda och syn på informanter i insamlingsstadiet och intervjusituationen» (s.st.). Det same blir utdjupa i terminologidiskusjonen, eldre studiar inkluderer både positive (*smeknamn*) og negative tilnamn (*öknamn*). «Det är inte längre acceptabelt och etiskt att publicera öknamn hur som helst, eftersom individens perspektiv och tolkningsföreträde har stärkts under senare tid» (s. 29).

Tilnamnsforskning har tverrvitskapleg karakter, og i andre kapittel får me ei innføring i det teoretiske råmeverket. Gustafsson hentar moment frå språkvitskap, sosiologi, psykologi og etnologi. Frå språkvitskapen er det henta teoretiske utgangspunkt frå språksosiologi, pragmatikk og namneforskning. Andre område er forskning om maktrelasjonar, identitet, personnemningar, interaksjonell kontekst og forskning med etnometodologisk innretting. Tilnamn blir brukte i ulike kontekstar, og namneberaren kan derfor ha ulike tilnamn som er ukjende for deltakarane i andre samanhengar og kontekstar. I det kommunikasjonsteoretiske aspektet legg Gustafsson særleg vekt på identitets- og maktkonstruksjonar. Kommunikasjonsmodellen hennar er ein triade, med sendar (namngjevar), mottakar (namneberar) og tilhøyrar, som ikkje er direkte part i samtalen, men som likevel er tolkar og avkodar av budskapet. I underkapittelet om identitet og identitetsskaping (herunder genusidentitet, ungdoms- og gruppeidentitet), stiller Gustafsson seg på ein konstruktivistisk ståstad, og ser identitet som «någonting i ständigt vardande som hela tiden omförhandlas». (...) «Identitet skapas och återskapas genom de språkhandlingar som samtalsdeltagarna bygger under et aktivt deltagande i den pågående samtalsaktiviteten» (s. 38 f.). Tilnamnsbruk kan signalisera intimitet, og Gustafsson nemner tiltalepronomen og humor som kan markera sosial posisjonering.

I tredje kapittel går ho laus på sjølve materialbeskrivelsen. Materialet inneheld 311 tilnamn, som me allereie veit er av nøytral eller positiv type. Av dei er 197 borne av kvinner og 114 av menn. Det er fleire kvinner enn menn som har mange eller få tilnamn, mennene er meir midt på treet. Dei har ikkje

fullt so mange tilnamn som kvinnene, men det er fleire kvinner som slett ikkje har noko tilnamn. Dermed er det mogeleg å tolka funna slik at kvinner og menn har om lag like mange tilnamn. Gustafsson diskuterer grensedragingsproblem, og vel å basera si inndeling på ein særdragsmodell, der ho fyrst går ut frå kjelde for namnet (onomastikon eller leksikon) og deretter so mange særdrag som trengst for å analysera materialet. Namna treng då ikkje ha like mange særdrag (sjå tabell i vedleggsdelen). Same tilnamn bore av fleire personar kan ha ulike særdrag, til dømes kan namngjevingsårsaka vera ulik for ulike informantar.

Kjelder for namna er, som nemnt, onomastikon og leksikon, men nokre einstaka namn som er vanskeleg å bestemma, hamnar i ein mellomposisjon, «en existerande gråson mellan egennamn och appellativ» (s.55). Onomastikonet er kjelde for tre fjerdedelar av tilnamna. Særdraga er lokalitetsopplýsing (typen *Mora-Nisse*), som ikkje er særleg vanleg i materialet, og oppkalling, som er svært vanleg, særleg litterær idoloppkalling etter figurar i bøker og filmar, framfor alt i barnelitteratur og -filmar. I den delen av materialet som har leksikonet som kjelde, er appellativ den vanlegaste typen, og dei fleste av dei opptrer i bunden form. Det finst nokre få døme på tilnamn danna av verb eller adjektiv. Når eit verb ligg til grunn, føreligg ogso særdraget *hending*. Når eit namnet er danna av eit adjektiv, finst ogso særdraget *eigenskap*. Dei sjeldne namna som ligg midt mellom dei to polane, er namn som korkje høyrer til onomastikonet eller leksikonet (som *Dittapulla*) eller tvert om, som har komponentar frå begge slag (som *Sammetslena*).

Vidare blir materialet beskrive etter dei ulike særdraga. Fyrst kjem ord-danning (*bildningssätt*), med fire undertypar. Det er danning til/av namn eller appellativ, som kan gjerast som kortform, kjælenamn eller avleiing. Dette er den langt vanlegaste typen, med talrike døme som *Anki*, *Bettan*, *Maggan*, *Nicke*, *Robban*, *Uffe*. Ogso tilnamn av etternamn kan dannast på denne måten, sjølv om dei er heller sjeldne. Den neste typen er assosiasjon til eller variant av eit allereie kjent tilnamn, til dømes *Cissiliss* av det opphavlege tilnamnet *Cissi*. Deretter fylgjer initialar og initialord, laga av fleire førenamn og av førenamn + etternamn og einstaka andre dømmme. Denne typen er ikkje belagd i undersøkingar av eldre material. Han heng saman fleirnamnsskikken, og han ogso kan setjast i samband med dei stendig fleire initialorda i daglegspråket (*TV*, *PC*). Til sist er nokre tilnamn danna etter utanlandsk mønster eller innverknad (*Azad*, *Shorty*). Heller ikkje denne typen er beskriven i tidlegare arbeid, og der er berre dei unge informantane som rapporterer om slike namn.

Det neste særdraget er innhald, med typane hending, eigenskap, plass i syskenflokken og yrke/sysselsetting. Tilnamn som oppstår på grunn av ei hending (som *Pannan*, som skalla til ein kompis), er oftast danna med leksikonet som kjelde (11 av 16, mot fem frå onomastikonet). Typen har stor mannleg overvekt, 12 menn mot berre fire kvinner ber slike namn.

Ogso namn som fortel om ytre og indre eigenskapar har overvekta frå leksikonet. Denne typen har vore vanleg heilt frå fornsvensk tid, og namna blir danna på same måte i dag. Til dømes beskriv dei hår og kroppsform (namn som *Krullas*, *Kaggen*). Nokre tilnamn beskriv plassen i syskenflokken, særleg dei yngste (*Lillan*), og nokre kva beraren har til yrke (*Reiseleiter*). Om det derimot gjeld noko beraren likar å gjera, er namnet plassert i typen eigenskap (*Kockis*, som likar å laga mat).

Ogso namngjevingsårsak er delt i fire undertypar, særskiljing, uttalelette, humor og «smeksamma positionsbestämningar» (s. 66, 68 f.). Særskiljing, det å halda frå ein annan samnemnde berarar, er ei viktig årsak til at tilnamn oppstår. Uttalelette er ein annan viktig grunn. Barnet sjølv, eller yngre sysken, klarer ikkje å seia namnet, og kjælenamnet blir brukt i staden (*Tobbe* for *Torbjörn*). Humor og «lekfullhet» er vanleg, og har vore det lenge, Gustafsson nemner verkemiddel som rim og allitterasjon (*Annapanna* og *Ditte-docka*, s. 68). Den siste typen, «smeksamma positionsbestämningar», er namn som *Baby* og *Gullet*, og det er nesten utelukkande kvinner som rapporterer om slike. Gustafsson trur det kan indikera kvinneleg underordning (s. 69). 35 personar deler tilnamn men einkvan, altså har 17 av namna i materialet meir enn ein berar. Av desse har 14 opphav i onomastikonet og berre tre i leksikonet (s. 70).

I vedleggsdelen bak i boka finn me eit oppsett der namna i alfabetisk rekkjefylgje er forsynte med kryss for kjelde og fleire eller færre kryss for ulike særdrag. Oppsettet er todelt, med tilnamn borne av kvinner og tilnamn borne av menn i kvar sin tabell. Her kan me sjå at tilnamnet *Sitronen* har berre to kryss, eitt under *Lexikon* og eitt under *Appellativ*, medan tilnamnet *Jojo* har fire, eitt for *Onomastikon*, eitt for *Bildning till/av*, eitt for *Uttalslättnad* og eitt for *Humor/ lekfullhet*. Talet på kryss varierer frå eitt (*Hilda*, kryss berre for *Onomastikon*) til fem (*Mary-Jet*, kryss for *Onomastikon*, *Uppkallelse*, *Associativ bildning/ variation*, *Utländsk influens* og *Humor/lekfullhet*). Når vanlege namn som *Hilda* er med, er det fordi namnet i slike tilfelle ikkje er det offisielle namnet til beraren (s. 56).

Oppkomsten av moderne tilnamn er emne for fjerde kapittel. Gustafsson brukar tradisjonelle sosiolingvistiske variablar som alder, kjønn og situasjonsvariasjon. Ho stiller fire spørsmål: i kva omgjevnader oppstår tilnamnet, kva typar tilnamn førekjem i ulike namngjevingsmiljø, kor gamle er namneberarane når dei får tilnamn, og i kva slags situasjonar blir tilnamnet brukt og ikkje brukt. Namngjevarane blir sorterte i seks grupper, barndomsfamilie, barndomsvenner, venner i vaksen alder, idrettskontekst, partner og andre. Flest tilnamn oppstår i barndomsfamilien, og deretter mellom barndomsvenner. Det er kjønnsforskjell ved at kvinner frå flest tilnamn i barndomsfamilien og av partnaren sin seinare i livet, medan menn får fleire tilnamn av barndomskameratane og i idrettskontekst. Mønster blir, seier Gustafsson, at «kvinnor får sina binamn i ennu mer intima miljöer än vad män får» (s. 89). Kapitlet inneheld ogso eit oversyn over vanleg brukte suffiks. Kvinners tilnamn sluttar etter frekvens på *-a*, *-an* eller *-i*, medan mansstilnamn oftast sluttar på *-e* (s. 83 f.).

Femte kapittel inneheld drøfting av pragmatiske og sosiale funksjonar som tilnamnsbruken kan ha, med intervjumaterialet som primærkjelde. Ved affektiv funksjon står sjølve ytringa i fokus, talaren kan «använda ett binamn för att markera hur yttrandet skall tolkas» (s. 93). Relasjonsfunksjonar gjeld forhold mellom namngjevar og namneberar. Tilnamn kan skapa, gjenskapa og forandra forhold mellom dei, og markera gruppesamhald og intimitet. Den tredje funksjonen er den posisjonierende, her er det tilhøyrarane som står i fokus. Tilnamn kan brukast som lingvistisk markør.

I sjette kapittel, om refleksjonar og «framåtblickar» (s.107), set Gustafsson opp to betydingsskalaar eller dimensjonar. Den fyrste dimensjonen er offentleg — privat, og gjeld graden av intimitet mellom samtalepartnarane. Eit offentleg tilnamn nærmar seg eit førenamn, og blir brukt i alle samanhengar. Er beraren ein kjendis, kan det nærma seg eit artistnamn. I den motsette enden på skalaen finst dei hemmelege tilnamna, som berre namngjevar og namneberar kjenner og brukar. "«Det är ingen som vet om utan du nu och et helt forskningsprojekt» (s. 99). Den andre dimensjonen er inkludering — ekskludering. Å gje og få tilnamn skaper inkluderande solidaritet i gruppa, og verkar samstundes ekskluderande for dei som ikkje er inkluderte. Til meir appellativisk eit namn er, dess meir intimt og privat verkar det. Motsett er eit tilnamn frå det felles onomastikonet av meir offentleg karakter. Deretter samanfattar Gustafsson sine funn i ni punkt og skisserer emne for vidare forskning. Her nemner ho mellom anna språkmøte/fleirspråklegheit, og ungdommars tiltale og omtale både på digitale media og i

verkelegheita (eller IRL, som Gustafssons term). Då unngår ein neppe den svarte baksida av feltet, dei negative tilnamn, utnemna. «En sådan studie skulle tangera frågor om såvel mobbning som kränkningar och äger därför också stor samhällsrelevans» (s. 111).

Sjuande kapittel er ei kort samanfatning. Deretter fylgjer eit noko lengre samandrag på engelsk, omfattande litteraturliste, intervjuguide, spørjeskjema, alfabetisk namneliste for heile materialet, eit oppsett av namna i alfabetisk rekkjefylgje med kryss for kjelde og for ulike særdrag (vedlegg til kapittel 3), namneliste for intervjumaterialet (vedlegg til kapittel 5) og register.

Gustafsson har samla eit vanskeleg tilgjengeleg material på ein nyskapande måte, ved hjelp av sjølvrapportering. Brukarperspektivet styrer materialutvalet. Hennar ærend er dei positive tilnamna, og når brukaren oppfattar dei som positive, er dei det, «trots at de kan låta negativt laddade för den oinvigde, t.ex. *Sorken* och *Sköldpaddan*» (s. 22). Ho belyser og behandlar materialet frå mange ulike synsvinklar, og brukar teoriar frå ulike fagfelt på ein eklektisk måte. Særdrag i staden for faste inndelingskategoriar gjer systemet fleksibelt. Gustafsson held det ho lovar, og svarar på dei forskingsspørsmåla ho har sett opp. Alt i alt er det er ei interessant og godt gjennomført undersøking. Men tittelen er kanskje litt misvisande, sidan undersøkinga berre omhandlar dei nøytrale og positive tilnamna, *smeknamnen*.

*Gudlaug Nedrelið*